



Seim Bygg AS
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/10258 - 22/1511

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
07.01.2022

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 155/10 Monstad

Tiltak: Oppretting av ny grunneigedom
Byggjestad: Gbnr 155/10
Tiltakshavar: Erling Rosnes
Ansvarleg søkjar: Seim Bygg AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 08.12.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er berre ein av to grunneigarar som har signert samtykke til at Seim Bygg as kan søkja på vegne av dei. Det må leggjast fram samtykke frå Johanna Maria Rosnes.
2. Det er kryssa av for at det føreligg tinglyst erklæring for å ha vassleidning over anna mann sin grunn. Erklæringa er ikkje vedlagt. Det må leggjast fram erklæring om rett i fast eigedom for den nye grunneigedomen. Dette gjeld veg, vatn og avløp. Skjema for slik rett finn ein på Kartverket sin heimeside: [Erklæring om rettighet i fast eiendom | Kartverket.no](#) Erklæringa skal vera i 2 eksemplar med original underskrift. De kan la bruksnummer i punkt 2 stå ope for seinare utfylling.
3. Det må dokumenterast at den nye grunneigedomen får forsvarleg tilgang til hygienisk trygt og tilstrekkeleg drikkevatt, samt sløkkevatn.
4. Det må leggjast fram utsleppsløyve eller førehandsløyve til utslepp. Ta kontakt med avdeling for Miljø og Tilsyn ved Hogne Askeland ved spørsmål kring dette.
5. Det må avklarast med BKK gjeldande høgspintlina som går over parsellen. Avklaringa gjeld om høgspintlina får konsekvensar for omsøkt frådelling.
6. Uteopphaldsareal for hus på den nye grunneigedomen må dokumenterast. Minstekrav sett i punkt2.6.4 i Kommunedelplan for Lindås er 200m².

Elles vil vi på nytt peika på mange vedlegg som ikkje treng å vera med ved søknad om deling. Desse er med på å gjera søknaden meir uoversikleg. Dei bør sløyfast ved seinare søknader.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 20.02.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennlig helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Seim Bygg AS

Nesbrekka 28

5912 SEIM